



Styre: Universitetsstyret

Styresak: 48/17

Møtedato: 27.04.2017

Dato: 18.04.2017

Arkivsaksnr: 2013/8572

Årsrapport for På Høyden 2016

Henvisning til bakgrunnsdokumenter

- Styresak 103/16, Årsrapport for På Høyden 2015

Saken gjelder:

Det følger av mandatet for styret for På Høyden at avisen årlig skal avgi rapport om virksomheten til universitetsstyret (sak 54/11).

På Høyden har hatt en økning i sidevisninger på 14 prosent siden 2015. Avisen deltar aktiv i et samarbeid mellom norske redaktørstyrte universitets- og forskningsmedium. På Høyden fikk i 2016 100 000 kroner fra Fritt Ord for å drive journalistikk på den norske SFF-ordningen. Det siste året har vært preget av store omveltninger i universitets- og høyskolesektoren og det har vært viktig for På Høyden å dekke at Kunst- og designhøyskolen i Bergen har blitt en del av Universitetet i Bergen og at Høgskulen på Vestlandet (HVL) har blitt en realitet.

På Høydens årsrapport for 2016 legges med dette fram for universitetsstyret.

Forslag til vedtak:

Universitetsstyret tar årsrapport for På Høyden 2016 til orientering.

Kjell Bernstrøm
universitetsdirektør

18.04.2017/Silje Nerheim/Arne R. Ramslien

Vedlegg: Årsrapport 2016, På Høyden

På Høyden

Årsrapport 2016

Trafikk

På Høyden hadde 1 044 787 sidevisningar i 2016, ein auke på 14 prosent sidan 2015. Talet på brukarar steig med 9 prosent, til 162 086. Talet på økter steig, i takt med talet på sidevisningar, med 15 prosent til 497 587 økter.

Plattformfordelinga er framleis dominert av desktop, med 68 prosent av bruken. Men mobil har auka med 43 prosent, og sto i 2016 for 22 prosent av øktene.

Samarbeid

Avisa deltek aktivt i samarbeidet mellom norske redaktørstyrte universitets- og forskingsmedium: Universitetsavisa, Khrono, Uniforum, Panorama og forskning.no. Vi arrangerer felles seminar som tek opp journalistfaglege spørsmål som er spesifikke for sektoren, og har stoffutveksling. Hausten 2016 deltok redaksjonen òg på eit felles gravekurs, saman med redaksjonane i forskning.no og Khrono. På Høyden er aktiv i samarbeidet, mens andre har avgrensa det: Universitetsavisa og Uniforum utvekslar ikkje lenger stoff med Khrono.

Høgskulen på Vestlandet blei skipa 1. januar 2017, og På Høyden har aktivt gått inn for å lage journalistikk om den nye institusjonen, som vil prege både regionen og arbeidet til Universitetet i Bergen i åra som kjem. I kor stor grad På Høyden skal dekke andre institusjonar enn UiB

Økonomi

På Høyden hadde i 2016 ei kostnadsramme på 2,734 mill. kroner. I tillegg kom prispengar frå Fritt ord på 100 000 kroner. Dette gav ei samla kostnadsramme på 2,834 mill. i 2016.

Ved årsslutt har På Høyden eit overskot totalt sett på 211 862 kroner.

Samla positivt avvik ved årsslutt er fordelt slik:

- Eksterne inntekter: positivt avvik på 100 000. Dette er prispengane frå Fritt ord.
- Lønn: negativt avvik på 39 880
- Investering: negativt avvik på 35 250
- Andre driftskostnader: positivt avvik på 199 623
- Anna/interne transaksjonar: negativt avvik på 12 631

Analyse 400555 - Støtte fra Fritt ord

Samla negativt avvik på 9400.

Ekstern inntekt på 100 000.

Lønnsutgifter: 67 700

Reiseutgifter: 41 700

Saker i På Høyden

Det siste året har òg vore prega av store omveltingar i universitets- og høgskulesektoren, òg på Vestlandet. Kunst- og designhøgskolen i Bergen (KHIB) har blitt ein del av Universitetet i Bergen, og avgjerda har blitt til skritt for skritt.

Denne omstruktureringa har det vore viktig for På Høyden å dekke, då ho på mange måtar opnar ein ny dimensjon for eit forskingsbasert breiddeuniversitet.

Høgskulen på Vestlandet (HVL) har og blitt ein realitet det siste året, noko På Høyden har brukt mykje ressursar på. Prosessen fram mot HVL har prega heile UH-sektoren det siste året, særleg på Vestlandet. Gjennom ulike former for samarbeid vil omstruktureringa òg ha stor innverknad på UiB, sjølv om universitetet ikkje er ein del av den nye institusjonen. Både styret og redaksjonen ønskjer meir samarbeid med HVL, og vil framover prøve å få til ei løysing der den nye høgskulen òg kan bidra til uavhengig journalistikk om verksemda og sektoren.

På Høyden fekk i 2016 100 000 kroner frå Fritt Ord for å drive journalistikk på den norske SFF-ordninga. Mykje av arbeidet er gjort hausten 2016, men publiseringa skjer først i 2017.

Av kontroversielle tema På Høyden har skrive om i 2016 kan vi særleg nemne ordninga til UiB-tilsette Jan Martin Nordbotten. Matematikk-professoren hadde dratt på jordomsegling utan å ta ut nokon form for permisjon. Dette førte til at han mista det prestisjefylte Vista-professoratet han hadde hatt, då Vista-styret var misnøgd med at han stadig var på reise, mens dei ønska at fagmiljøet skulle byggast opp i Bergen.

Saka fekk brei omtale nasjonalt, og det kom òg kraftige reaksjonar mot at På Høyden tok opp problemstillinga.

Redaksjonen jobbar og jamt med innsyn, og då særleg på UiB. Her er det framleis mykje å gjere, og delar av organisasjonen synest å mangle forståing for fordelane med offentleg innsyn. Det siste dømet lista over søkarar til meritteringsordninga for undervisarar ved Det matematisk-naturvitskaplege fakultetet. På Høyden er nekta innsyn i dokumentet, og saka er påklagd til Kunnskapsdepartementet.

På Høyden har i fleire år ønska å gi eit tilbod til engelskspråklege tilsette og studentar, både ved UiB og ved andre utdannings- og forskingsinstitusjonar i Bergen, men har så langt ikkje fått løyvingar til slikt. Tidlegare blei ein del av stoffet omsett til engelsk, men då På Høyden blei skilt ut frå kommunikasjonsavdelinga, følgde det ikkje med finansiering til noko slikt.

Tilsette

På Høyden har tre tilsette i faste stillingar: Redaktør Dag Hellesund og journalistane Hilde Kristin Strand og Ida Bergstrøm. Hilde Kristin Strand har hatt foreldrepermisjon i andre halvår av 2016, og Marthe Njåstad er inne som vikar for ho.

På Høyden-styret ser slik ut: Jan Heiret (leiar), Marion Solheim, Eirik Holmøyvik og Nina Kristiansen. Sjukefråveret i På Høyden er generelt lågt, og trivselen høg.

Dag Hellesund (ansvarleg redaktør)

Jan Heiret (styreleiar)